



ØRSTA KOMMUNE
Sentraladministrasjonen

Det kongelige landbruks- og matdepartement
Att. Ingrid Aasen
Postboks 8007 Dep
0030 OSLO

Landbruks- og matdep.	
Saksnr:	2010/67-48
Mottatt:	29 APR 2010
Saksbeh:	ASR / SEB
Ark.:	410
Kopi:	
Avskr.:	

<i>Saksnr</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Saksansvarleg</i>	<i>Arkiv</i>	<i>Dato</i>
2010/511	4749/2010	SKAARA	V21	27.04.2010

Melding om vedtak i Ørsta formannskap 22.04.2010, sak 71/10:

FORSLAG OM ENDRING I FORSKRIFT OM NYDYR KING - HØYRING

VEDTAKET LYDER:

Formannskapet syner til forslag om endring i forskrift om nydyrking.
Formannskapet meiner at forslaget om å forby nydyrking av myr vil ha store følgjer for mange bruk, då ein legg sterke restriksjonar på grunneigarar og moglegheita for utvikling av eigedomar.

Eit forbod mot nydyrking av myr må sjåast i ein større samanheng, der ein global matforsyningssituasjon tilseier vern av dyrka og dyrkbar jord til matproduksjon.

Vi meiner det her er behov for grundige vurderingar, og ein må unngå ei forhasta endring av forskrifta.

Ørsta formannskap vil difor gå i mot endring av §6 1. ledd slik at ein ikkje får eit forskriftsfesta forbod mot nydyrking av myr, særleg grunna endringane som er foreslått i §3.

Med helsing

Asbjørn Moltudal

leiar for sentraladministrasjonen

Saksprotokoll tilråding / vedtak i Ørsta formannskap - 22.04.2010

Handsaminga

(9 r.f.)

Anne Stine Foldal Aam (SP) fremja slikt alternativ til siste avsnitt i tilrådinga:

Ørsta formannskap vil difor gå i mot endring av §6 1. ledd slik at ein ikkje får eit forskriftsfesta forbod mot nydyrking av myr, særleg grunna endringane som er foreslått i §3.

Rune Hovde (FrP) ba om gruppemøte og det vart halde.

Rådmannen si tilråding, 3 første avsnitta vart vedtekne med 9 mot 0 røyster.

Ved alternativ avrøysting vart Anne Stine Foldal Aam sitt framlegg til siste avsnitt vedteke med 8 røyster. Rådmannen si tilråding fekk 1 røyst (Paul Kristian Hovden).



ØRSTA KOMMUNE

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Asbjørn Moltudal

Arkivsak: 2010/511

Løpenr.: 4271/2010

Utvalsaksnr.

Utval

Møtedato

Ørsta formannskap

Saka gjeld: **FORSLAG OM ENDRING I FORSKRIFT OM NYDYR KING - HØYRING**

TILRÅDING TIL VEDTAK:

Formannskapet syner til forslag om endring i forskrift om nydyrking.

Formannskapet meiner at forslaget om å forby nydyrking av myr vil ha store følgjer for mange bruk, men også i høve klimautfordringar.

Eit forbod mot nydyrking av myr må sjåast i ein større samanheng, der både klimavurderingar og matforsyningssituasjon er moment som skal takast med.

Vi meiner det her er behov for grundige vurderingar, og ein må unngå ei forhasta endring av forskrifta.

Formannskapet kan på noverande tidspunkt ikkje tilrå at ein set absolutt forbod mot nydyrking av myr, men at momenta over må leggest vekt på i samband med handsaminga av kvar einskild sak.

Saksvedlegg:

U	16.04.2010	16.04.2010	Forslag om endring i forskrift om nydyrking - høyring	Ørsta formannskap
I	08.04.2010	17.02.2010	Forslag om endring i forskrift om nydyrking - høyring	Det kongelige landbruks- og matdepartement

Saksopplysningar:

Vedlagt følgjer utskrift av landbruksnemnda si handsaming av sak 17/10: Forslag om endring i forskrift om nydyrking – høyring.

I tillegg til saka som er skriven til landbruksnemnda har rådmannen nokre innspel;


I samband med nydyrking av t.d. myr må ein også vege samfunnsmessige klimakonsekvensar (ca 3000 tonn CO₂/daa ved dyrking av myr - jf klimaplan) opp mot eventuelle moglege konsekvensar for den einskild gardbrukarar.

I samband med klimaplanen tilrådte administrasjonen "stans i nydyrking av myr", men dette vart røysta ned i kommunestyret.

Fakta om klimakonsekvensar ved dyrking av myr står likevel framleis i klimaplanen i kapittel 5.2 Landbruk.

Spørsmålet er om det skal vere nasjonalt forbod mot nydyrking av myr eller om det skal vere opp til den einskilde kommune å bestemme.

Ørsta, 16.04.2010


Jan Petter Eide
rådmann

Asbjørn Moltudal
leiar for sentraladministrasjonen



Ørsta formannskap

Rådhuset
6150 ØRSTA

<i>Saksnr</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Saksansvarleg</i>	<i>Arkiv</i>	<i>Dato</i>
2010/511	4241/2010	SKAARA	V21	16.04.2010

**MELDING OM VEDTAK I LANDBRUKSNEMNDA 15.04.10, SAK 17/10:
FORSLAG OM ENDRING I FORSKRIFT OM NYDYR KING - HØYRING**

Saksprotokoll tilråding / vedtak i landbruksnemnda - 15.04.2010

VEDTAK:

Landbruksnemnda syner til forslag om endring i forskrift om nydyrking.
Landbruksnemnda meiner at forslaget om å forby nydyrking av myr vil ha store følgjer for mange bruk, då ein legg sterke restriksjonar på grunneigarar og moglegheita for utvikling av eigedomar.

Eit forbod mot nydyrking av myr må sjåast i ein større samanheng, der ein global matforsynings situasjon tilseier vern av dyrka og dyrkbar jord til matproduksjon.

Vi meiner det her er behov for grundige vurderingar, og ein må unngå ei forhasta endring av forskrifta.

Landbruksnemnda kan på noverande tidspunkt ikkje tilrå at ein set absolutt forbod mot nydyrking av myr.

Handsaminga (5 røysteføre)

Administrasjonen la fram følgjande tilråding til vedtak på møtet:

Landbruksnemnda syner til forslag om endring i forskrift om nydyrking.
Landbruksnemnda meiner at forslaget om å forby nydyrking av myr vil ha store følgjer for mange bruk, då ein legg sterke restriksjonar på grunneigarar og moglegheita for utvikling av eigedomar.

Eit forbod mot nydyrking av myr må sjåast i ein større samanheng, der ein global matforsyningssituasjon tilseier vern av dyrka og dyrkbar jord til matproduksjon.

Vi meiner det her er behov for grundige vurderingar, og ein må unngå ei forhasta endring av forskrifta.

Landbruksnemnda kan på noverande tidspunkt ikkje tilrå at ein set absolutt forbod mot nydyrking av myr.

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Rett utskrift, 16.04.10


Åshild Steinnes
førstesekretær



ØRSTA KOMMUNE

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Børild Skåra

Arkivsak: 2010/511

Løpenr.: 3701/2010

Utvalsaksnr.
17/10

Utval
Landbruksnemnda

Møtedato
15.04.2010

Saka gjeld: **FORSLAG OM ENDRING I FORSKRIFT OM NYDYR KING - HØYRING**

TILRÅDING TIL VEDTAK:

Vert lagt fram utan framlegg til vedtak.

Saksvedlegg:

1. Brev frå Det kongelige landbruks- og matdepartement, dat. 17.02.10

Samandrag av saka:

Det kongelige landbruks- og matdepartement sender ut forslag til endring i FOR-1997-05-02-423-Forskrift om nydyrking. Kommunane er mellom høyringspartane.

Saksopplysningar:

Det kongelige landbruks- og matdepartement sender ut forslag til endring i FOR-1997-05-02-423-Forskrift om nydyrking. Kommunane er mellom høyringspartane.

I 1997 vart det vedteken ei forskrift for nydyrking, som gjer at ein ikkje kan nydyrke jord utan at planane fyrst er handsama etter denne forskrifta.

Forslaget til endringar kjem i samband med Stortingsmelding nr. 39 *Klimautfordringene – landbruket en del av løsningen*, og går konkret på dyrking av myr.

I forskrifta vil ein endre §§1, 3, 5, 6 og 9.

For § 1 som gjeld formål, vert det teke med at ein skal leggje vekt på om nydyrkinga kan ha følgjer for klimaet.

§ 3 vert utvida til at nydyrking og gjeld tidlegare dyrka areal som har gått attende til å verte myr grunna manglande vedlikehald av drenering.

I § 5 vert det teke med at ein skal ta omsyn til om tiltaket kan medføre klimagassutslepp.

I § 6 vert det teke inn eit heilt nytt ledd med denne ordlyden:

Nydyrking kan ikke tillates på myr. Med myr menes areal større enn 2 dekar med myrvegetasjon og med minst 30 cm tjukt torvlag. Definisjoner som ligger til grunn for økonomisk kartverk skal legges til grunn ved avgrensingen.

I § 9 vert det teke med at risikoen for auka klimagassutslepp skal vurderast.

Definisjonen på myr som vert nytta er slik:

"Hovudregelen er at areal klassifiseres som myr, basert på en vurdering av vegetasjonen, torvalget og de naturlige dreneringsforholdene på stedet. Disse faktorene må en se i sammenheng. En vurdering som for eksempel bare bygger på vegetasjonen eller dybde av torvlaget kan være misvisende. Generelt gjelder kravet til myr at torvlaget skal være minst 30 cm. Man kan finne areal med myrvegetasjon som har tynnere torvlag. Dette gjelder særlig i høyreliggende områder og i hellende terreng langs kysten. I slike tilfeller kan man fravike kravet til torvlag på minst 30 cm. ... Minstearealet for registrering av myr er 2 dekar. I lite produktive områder er minstearealet 5 dekar".

Vurdering og konklusjon:

I utgangspunktet ser vi at dyrking av myr kan gi auka utslepp av CO₂ og lystgass og har forståing for at dette må sjåast nærare på.

Ørsta kommune har større dyrkbare areal. Mykje av dette må seiast å vere myr etter den definisjonen som ligg til grunn, enten ut frå tjukkleiken på torvlaget, og/eller då vi har mykje hellande våtlendt terreng med myrvegetasjon med heller tynt torvlag.

Forslaget om å forby nydyrking av myr vil ha store følgjer for mange bruk då ein legg sterke restriksjonar på grunneigarane og moglegheita for utvikling av eigedomane.

Eit forbod mot myrdyrking må sjåast i ein større samanheng. Vi har ein global matforsyningssituasjon som tilseier at dyrka og dyrkbar jord må vernast. Eit forbod vil stå i motsetning til trongen for å auke forsyningsgraden. Truleg vil vi få eit større fokus på unytta arealressursar framover?

Alternativet til nydyrking kan vere meir bruk av leigd jord. På Sunnmøre har vi små bruk og høg grad av teigblanding. Dette fører til mykje transport og det har si begrensing. Den stadige auken i transport i landbruket, og klimautsleppa det medfører, må og sjåast i samanheng med dyrking på eige bruk.

Eit alternativ til forbod kan vere å innføre ei vurdering av behovet for å dyrke myr, eller t.d. moglegheit for å dispensere. Har bruket moglegheit til å få tilleggsjord i nærleiken, eller har bruket alternative dyrkbare areal?


Ein må og ta med at dyrking av myr ofte kan skje ved såkalla djuparbeiding/omgraving. Torvlaget vert gravd ned, og massen under (morene/mineraljorda/leire) vert lagt over torva. Ein oppnår slik å få eigenskapane til fastmark, samstundes som torva ligg skjult. Ein slik dyrkingmetode kan truleg kome godt ut i høve klimagassutslepp.

Vi ser at det her er naudsynt med grundige vurderingar, og vi må unngå eit forhasta endring. Ei eventuell endring i forskrifta må ha grunnlag i solid fagleg kunnskap.

Ut frå dette kan vi på noverande tidspunkt ikkje tilrå at ein set eit absolutt forbod mot dyrking av myr.

Ørsta, 08.04.2010


Liv Bente Viddal
konst landbrukssjef


Børild Skåra
fagkonsulent